

## **Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen**

**onsdag 24. februar 2010, kl. 18.00**

Det møtte 32 delegatar med røysterett og 2 utan røysterett.

### **Sak 1 Velkomen / opning**

Terje, Jon og Gro spelte "Kanon-rull" av Einar Mjølåsnes.

Stig Vaular ynskta velkomen frå styret. Bergen ul Ervingen er eit lag med stor aktivitet og stor vekst.

### **Sak 2 Konstituering**

2.1 godkjenning av innkalling

Stig gjekk gjennom innkallinga, som vart send ut til alle medlemar den 29. januar.

**Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.**

2.2 godkjenning av saklista

Stig gjekk gjennom saklista, som vart send ut til alle medlemar den 29. januar, og la inn ein matpause med orientering om Folkedansfestivalen.

**Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.**

2.3 val av ordstyrarar

**Vedtak: Vegard Opheim og Arnvid Underlid.**

2.4 val av skrivarar

**Vedtak: Gro Vetås og Terje Furenes.**

2.5 val av protokollunderskrivarar

**Vedtak: Nina Fidje Blågestad og Eli Randmo.**

2.6 val av teljekorps

**Vedtak: Kristine S. Knutsen og Øystein Rambjør.**

Brit Heggelid frå Hordaland Ungdomslag helsa og ynska lykke til med årsmøtet.

### **Sak 3 Årsmelding med arbeidsprogram 2009 - 2010 for Bergen ungdomslag Ervingen**

Inger Marie Godeseth la fram saka frå styret.

Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen, melding frå Reservefondet låg ved årsmøtepapira som eige vedlegg. I tillegg låg det ved ei oppsummering av arbeidet med arbeidsprogrammet for 2009-2010.

Orientering frå lagsstyret om arbeidet med arbeidsprogrammet låg ved årsmøtepapira som eige vedlegg.

Tilråding frå rådet 08. februar: Årsmeldinga for 2009 vart tilrådd med nokre språklege endringar.

Framlegg frå Eldbjørg: Styret må få skrive noko om Ring 3 på side 5.

**Vedtak: Samrøystes vedteke.**

Merknad frå Torgrim Ljones til oppsummeringa av arbeidsprogrammet: Det er ikkje send byggemelding til Bergen kommune. Det er send ei melding om tiltak.

Desse hadde ordet i saka: Vegard Opheim, Eldbjørg Gunnarsson, Ragnhild Berg, Torgrim Ljones og Stig Vaular,.

Årsmøtet fekk ei munnleg melding frå Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL ved Øystein Erstad.

#### Lagsbruki til BUL i Bergen LL:

Laget har løyst inn alle aksjane og eig no 100%. Drifta av Fensal har gått godt, medan drifta av hotellet har gått bra, men ikkje så bra som ein hadde håpa. Dette grunna finanskrisa. Driftsresultatet er positivt, medan totalresultatet er negativt, grunna høg gjeld og høge finanskostnader og ein rettstvist etter byggeprosesse på hotellet. Lagsbruki vann i tingretten, både sak og omkostnader. Motparten anka til lagretten og det er handsaming i lagretten til sommaren 2010.

Gode rutinar på hotellet etter ombygginga.

Styret i 2009

Leiar: Øystein Erstad

Medlem: Oddrun Samdal

Vara: Eli Østensen

I tillegg har ein frå dei tilsette møtt på styremøta.

#### Ervingen AS

Drifta har gått relativt bra,. Kostnadene ved drifta har vore ca 1,5 mill. drift ca 1 mill. Resultat ca 60.000,- Årsoppgjeret enno ikkje klart,. Vedlikehaldet i Gimle har vore kostnadsført med 490.000,- + 75.000 i konsulent oppdrag. Ein tilsett: Knut Malkenes. Laget tok ut eit utbytte på 10 mill i desember, og skaut inn i Lagsbruki til BUL i Bergen LL som egenkapital. Ca 13 mill att i Ervingen AS.

Styret: i 2009

Leiar. Øystein Erstad

Medlem: Halvor Røysteh

Medlem: Åslaug Trageton

#### Ervingen Lagsbruk AS:

Laget eig alle aksjane. Selskapet har ingen aktivitet i 2009. Fonds. Og eignedomsstyret planlegg i framtida at dette nystarta selskapet skal kjøpe aksjane i dei to eksisterande selskapa. Det nye selskapet skal vera eit morselskap for dei andre, slik at alt vert samla under eit styre. Betalinga skal vera ein obligasjon som skal gje laget ein årleg avkastning for all framtid. Det har vore snakk om ca 500.000 til laget kvart år.

Styret: Øystein Erstad.

Desse hadde ordet i saka: Astrid Sirnes, Endre Kleiveland, Eldbjørg Gunnarsson og Vegard Opheim.

#### **Vedtak:**

- a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2009 for laget, med dei merknadene som kom fram på møtet.**
- b. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2009 frå Reservefondet**

- c. **Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL til vitande.**
- d. **Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.**

#### **Sak 4 Rekneskap for 2009**

Stig Vaular la fram saka frå styret.

Resultatrekneskap og balanse med notar for laget, Reservefondet er lagt ved årsmøtepapira som egne vedlegg.

Tilråding frå rådet 08 februar: Lagsrekneskapen blei tilrådd. Merknad til Balanse: Frode tar kontakt med Lagsstyret og Fonds- og egedomsstyret for å avklare kor aksjeposten (omlag 150 000 kr) skal førast. Rekneskap for reservefondet blei tilrådd

Vegard Opheim las melding frå revisorane.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Annbjørg Fadnes Kyrkjebø, Ragnhild Berg og Steinar Kyrkjebø.

Framlegg frå Steinar Kyrkjebø:

Styret lagar ein note til balansen, som seier at. *"I tillegg til balansen disponerar laget eit reservefond som vert styrt etter egne vedtekter."*

**Vedtak: Samrøystes vedteke.**

**Vedtak:**

- a. **Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2009, overskotet på kr 376,- vert overført eigenkapitalen. Note til balansen: I tillegg til balansen disponerar laget eit reservefond som vert styrt etter egne vedtekter.**
- b. **Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2009 for Reservefondet.**

#### **Kaffi og mat (19.10- 19.30)**

Endre informerte om folkedansefestivalen, 1-4 juli 2010.

#### **Sak 5 Budsjett 2010**

Endre Kleiveland la fram saka frå styret.

Tilråding frå rådet 08 februar: Budsjettet for 2010 vart tilrådd.

**Vedtak:**

**Årsmøtet vedtek framlegget til budsjett for 2010.**

#### **Sak 6 Medlemspengar 2011**

Ordstyrarane la fram saka.

Tilråding frå rådet 08. februar: Medlemspengar for 2011 blei tilrådd

**Vedtak:**

**Medlemspengar 2011:**

<b>Vaksne</b>	<b>kr 700</b>	<b>(inga endring)</b>
<b>Ungdom t.o.m. 26 år</b>	<b>kr 500</b>	<b>(inga endring)</b>
<b>Barn t.o.m. 14 år</b>	<b>kr 450</b>	<b>(inga endring)</b>

**I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr. 100,- pr. halvår.**

**Sak 7 Fråsegner**

Ingen innkomne fråsegner.

Ole Ekornes kom med ein "munneleg intern fråsegn til styret" om å oppgradera våtromma i Gimle.

Stig Vaular, frå styret fortalde at styret er alt i gang med dette arbeidet, under punktet: arbeida me då utvikla lagshusa til eit senter for folkekultur, i arbeidsprogrammet.

Torgrim foreslo at lagsstyret sender saka til styret i Ervingen AS.

Desse hadde ordet i saka: Ole Ekornes, Stig Vaular og Torgrim Ljones.

Årsmøtet song "Nordmannen".

**Sak 8 Val**

Sverre Moklev Sundvor frå valnemnda la fram saka.

Stig Vaular har berre sagt seg viljug til å sitje eit år. Nye styremedlemar skal velgast for to år, i følgje føresegnene til laget.

**Vedtak: Årsmøtet velgjer Stig Vaular for eit år.**

Desse hadde ordet i saka: Stig Vaular og Steinar Kyrkjebø.

**Vedtak:**

**Lagsstyret**

Leiar	Håvard Ims	på val for 1 år
Styremedlem	Stig Vaular	på val for 1 år
Styremedlem	Mari Skjerdal Lysne	på val for 2 år
Styremedlem	Inger Marie Godeseth	ikkje på val
Styremedlem	Anbjørg M. Bergwitz	ikkje på val
Varamedlem	Ingunn Røstbø	på val for 1 år
Varamedlem	Terje Furnes	på val for 1 år
Varamedlem	Marta Drønen Herdlevær	på val for 1 år

### **Rådet**

Leiar	Frode Myhra	på val for 1 år
Medlem	Grete Oline Hole	på val for 2 år
Medlem	Ole Ekornes	på val for 2 år
Medlem	Ingunn skjelvan	ikkje på val
Medlem	Astrid Sirnes	ikkje på val
Medlem	Stig Indrebø	ikkje på val
Medlem	Eli Randmo	på val for 2 år
Varamedlem	Kårmund Myklebost	på val for 1 år
Varamedlem	Endre Brunstad	på val for 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	på val for 1 år

### **Fond og eigedom**

Leiar	Petter Rysst	på val for 1 år
Medlem	Endre Kleiveland	supplering 1 år
Medlem	Oddrun Samdal	ikkje på val
Medlem	Ragnar Nesdal	på val for 2 år
Medlem	Torgrim Ljones	på val for 2 år

### **Folkedanslaget**

Leiar	Gunn Inger Sture	på val for 1 år
Medlem	Mari Skjerdal Lysne	ikkje på val
Medlem	Ellen Therese Thuland	supplering 1 år
Medlem	Sigrid Ølmheim	på val for 2 år
Medlem	Silja Solvang	på val for 2 år

### **Ungdomsgruppa**

Medlem	Borghild M. Opdahl	på val for 2 år
Medlem	Birgit Å. Mjeldheim	på val for 2 år
Medlem	Kristin S. Mills	ikkje på val

### **Barnelaget**

Leiar	Randi May Oen	på val for 1 år
Medlem	Berit Røgelstad	ikkje på val
Medlem	Vegard Opheim	på val for 2 år

### **Kor e Tonen**

Medlem	Charlotte R. Nordahl	på val for 2 år
Medlem	Ingar Viken	på val for 2 år
Medlem	Tone Iren Løland	ikkje på val
Vara	Ingrid Hope	på val for 1 år
Vara	Teresa Svebak	på val for 1 år

### **Teater**

Leiar	Ingvild Solberg	på val for 1 år
Medlem	Ben Ove Vedøy	supplering 1 år
Medlem	-	på val for 2 år

#### **Spelmannslaget**

Medlem	Charlotte R. Nordahl	på val for 2 år
Medlem	Eva Marie Toppe	ikkje på val
Medlem	Arve Berg	på val for 2 år

#### **Gimlingane**

Medlem	Gunn Wergeland	på val for 1 år
Medlem	Laila Årdal	ikkje på val

#### **Blad & Blest**

Leiar	Hilde H Erstad	på val for 1 år
Medlem	Grete Oline Hole	supplering 1 år
Medlem	Nina Blågestad	ikkje på val
Medlem	Sverre Sundvor	på val for 2 år
Medlem	Maria Skjeldrum Toppe	på val for 2 år

#### **Hyttenemnda**

Medlem	Knut Malkenes	på val for 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	ikkje på val
Medlem	Berit H. Lappegård	på val for 2 år

#### **Bygdelagsnemnda**

Repr.	Eldbjørg Gunnarson	på val for 1 år
Repr.	Endre Brunstad	på val for 1 år
Vara	Oddrun Samdal	på val for 1 år

#### **Ettersyn**

	Halvor Røyset	på val for 1 år
	Kari Færeveag	på val for 1 år
Vara	Oddlaug Oppedal	på val for 1 år

#### **Valnemnda**

Leiar	Øyvind Vatshelle	på val for 1 år
Medlem	Rigmor N. Vaular	på val for 1 år
Medlem	Endre Kleiveland	på val for 1 år
Medlem	Ingeborg Hollekim Bringslid	på val for 1 år
Medlem	Ragnhild Berg	på val for 1 år

**Selsvikklubben**

Leiar og kontaktperson Bente Birkeland

vald av Selsvikklubben | Bente Birkeland

**Styret fekk fullmakt til å velja utsendinga for laget til årsmøta i Hordaland ungdomslag, Hordaland mållag, Noregs Ungdomslag, Norges Mållag m.m**

Blomar til styremedlemene som gjekk ut, administrasjonen, og helsing til Stig som gjekk av som leiar, men held fram i styret.

Torgrim takka styret for eit godt gjennomført år og årsmøte.

Møtet slutt kl. 20.06

Skrivarar: Gro Vetås og Terje Furenes

*Eli Randmo*

Eli Randmo

*Nina F. Blågestad*

Nina F. Blågestad